

Stein Rokkan: Eit miniportrett

Foredrag på Akademimøte i Bergen 7. november 2019

av Arild Stubhaug

Han ville stimulere og aktivisere. Han ville vere ein intellektuell vekkar, og han blei det. Han såg på forskinga som ein kumulativ og kollektiv prosess der kvart prosjekt utgjorde ein del av eit større heile i ein kontinuerleg oppsamling av kunnskap til nytte og djupare forståing av sosialt og politisk liv. Det som dreiv forskinga vidare, slik han såg det, var ein grunnleggande polaritet mellom *kumulasjon* og *innovasjon*, mellom systematisk oppbygging av forskingsresultat og stadig søk etter nye forklaringsmønster, nye modellar og paradigme. I denne kontinuerlege prosessen såg han seg sjølv som en bidragsytar.

Stein Rokkan var en gründer i norsk og internasjonal samfunnsforskning, og ein av verdas fremste innan faget. I 1968 ønska dei store amerikanske universiteta Harvard, Yale og Stanford alle å få Rokkan i sin stab som fulltids professor i *political science*. Liknande tilbod fekk han også frå Wisconsin, Manchester, London og Paris. Han takka berre ja til nokre sporadiske gjeste-



Stein Rokkan. Foto: Sverre Mo / Bergerns Tidende.

professorat, men tok på seg ei rekke topp internasjonale tillitsverv i eit stadig meir omfattande nettverk.

I heile den statsvitskapelege verda blei Rokkan sett på som ei drivkraft, særleg innan den nye retninga som blei kalle samanliknande politikk. Og då han døydde i 1979, berre 58 år gammal, var han blitt eit forbilde, ein modell av en *international scholar*.

Kven var han?

Han blei født 4. juli 1921 i Lofoten, i Holandshamn i Austre Vågan, der faren hadde stilling som lærar, og der mange i Rokkan-slekta budde. Seks år seinare flytta familien til Narvik, og her voks Rokkan opp saman med mor og far og ei søster.

I norsk samanheng var Narvik ein spesiell by. Malmtransporten frå gruvene i Kiruna til utskiping over Narvik hamn prega byen og skapte spenningsar og konflikhtar mellom svenske aksjeselskap, Norske statsbaner og Narvik by. I tillegg kom avvikande kulturelle innslag frå rallarkulturen og frontar mellom etniske nordmenn og vandrane og fastbuande samar.

Spesiell og avvikande var også Rokkans far, Georg Rokkan. Etter å ha vore lærar i Lofoten blei han brannkonstabel og ein markant personlegdom i Narvik by, ein kunnskapsrik mann, ein ettertrakta privatlærar, ein mykje brukt leilighetsdiktar, ein ivrig talsmann for esperanto og ei kort tid redaktør i Ap-avisa Fremover. Stein Rokkans far var opptatt av korleis utkantane blei utnytta. Han skreiv bøker om fiskarane sine tronge kår, han skreiv om Narvik by og turismens muligheiter, og ein pamflett med den opprørske tittelen *Statens knugende knyttneve over Nord-Norge* (1932).

Men unge Rokkan hadde alt frå barndom og tidlege tenår eit vanskeleg forhold til far sin. Han syntest farens evinnelege poetiseringar var banale og han fann farens teoriar om alt og alle heimesnikra. Og verre skulle forholdet mellom far og son bli då tyskarane okkuperte landet.

Med mor si hadde Stein eit vennskapeleg forhold. Ho var stabil og blid, ho heldt familien samla og ville alltid det beste for alle. Ho arbeidde som sekretær før ho gifta seg, og deltok seinare i frivillig arbeid knytta til Narvik Misjonskirke. Nokre av søskena hennar budde i gode kår i Narvik, andre hadde utvandra til Canada og USA. Ein av dei, Einar Arntzen, var blitt ein svært framgangsrik forretningsmann innan kol-industrien i Pennsylvania og han finansierte mellom anna bygging av ny Misjonskirke i heimbyen.

På gymnaset i Narvik imponerte unge Rokkan medelevar og lærarar med sine kunnskapar. Han var ein lesehest langt ut over det normale, ein stille gut

som i friminutta stod med hendene i bukselommene og heller ikkje i russetida tok del i dei andre sine aktivitetar. Då han seinare kommenterte dette, sa han at det var fordi ingenting kunne konkurrere med det selskapet han fann i bøkene.

Knapt 18 år gammal tok han (1939) examen artium, preseterist på engelsklinja, og då han denne hausten kom til Universitetet i Oslo for å studere, var hans uttalte ønske å bli «ein lærd mann».

Han rakk å ta eksamen i førebuande prøver, norsk grunnfag og fransk mellomfag, alt med topp karakterar, før den tyske okkupasjonsmakta i november 1943 stengte universitetet og arresterte mange studentar. Rokkan var då begynt å studere filosofi i eit inspirerande miljø rundt filosofiprofessor Arne Næss. Medan mange i dette miljøet på ulikt vis tok del i motstandskampen under krigen, kom Rokkan seg nordover og søkte tilflukt i familien si hytte i Holandshamn. Der hadde han stablar av bøker, studierelatert litteratur og anbefalte bøker frå Næss-krinsens mange seminar. Frå heimen i Narvik kom Rokkans far med ein sjark fullasta med bøker, og han hadde også med ein radio til hytta i Holandshamn. Og her levde student Rokkan godt det siste halvanna året krigen varte. Han las og noterte, lytta på radio og orienterte slektningane sine i bygda om krigens gang.

I Holandshamn blei freden 8. mai 1945 feira med flaggheising og hurarop. Men inne i Narvik by måtte Rokkans far stå til rette for sine gjerningar under krigen. Heilt sidan 9. april 1940 hadde Rokkans far forsvart dei tyske okkupantane. Han hadde omsett og sjølv skrive artiklar til den tysk-kontrollerte pressa, og han hadde etter kvart blitt ein såkalla brakkebaron med mange mann i arbeid. Han blei dømt til 60 dagars fengsel, bot og inndraging av ein større pengesum. Georg Rokkan kjente seg uskuldig dømt, og etter å ha sona dommen synest brotsverka hans å ha blitt tona ned også blant folk i Narvik. I alle fall tok han langt på vei opp igjen sine tidlegare sysler som byens leilighetsdiktar og skribent.

Stein Rokkan snakka aldri om farens gjerningar under krigen. Ingen i det hovudstadsmiljøet Rokkan var ein del av, synest å ha visst om farens NS-bakgrunn.

Sommaren 1945 var Rokkan tilbake i Oslo og heldt fram med filosofi-studiar med sikte på ei magistergradsavhandling om David Humes kontrakt-teoretiske teoriar. Men han las breitt og tok ivrig del i diskusjonane om dei aktuelle problemstillingane som sprang ut av krigserfaringane: Korleis no skape eit betre samfunn? Kva måtte byggast opp, og korleis kunne vitskapen bli ein del av dei allmenne kulturverdiane?

Gjennom studietida blei Rokkan ein yndlingsstudent for to av universitetets mest profilerte professorar: Arne Næss og Peter Rokseth. Rokseth

hadde rettleia Rokkan gjennom franskfaget og inn i filosofien. Men Næss og Rokseth stod i eit visst ideologisk motsetningsforhold til kvarandre, og det er ikkje opplagt kva veg Rokkan ville ha gått *dersom* det hadde blitt aktuelt å velje mellom dei. Men så døydde Rokseth hausten 1945, berre 54 år gammal.

I det akademiske året 1946/47 oppheldt Rokkan seg i Paris med stipend frå den franske stat. I Paris møtte han dei fremste filosofihistorikarane, han las gamle skrifter på Bibliothèque national og han gjekk på forelesingar ved Sorbonne-universitetet der han mellom anna høyrde om Jean-Paul Sartre og eksistensialismen. Rokkan innleia også ein korrespondanse med filosofane Karl Popper og Bertrand Russell. Med Russell gjaldt det Rokkans utval og omsetting av 15 essay henta frå Russells ulike samlingar; ei bok som kom ut dette året 1947 og blei godt mottatt.

Med Popper dreia korrespondansen seg om det Rokkan meinte stod sentralt i sosialvitskapens metodelære: Er såkalla menneskelege preferansar og hendingar – *human events* – *forutsigelige* på same måte som ikkje-menneskelege, og kunne det i det menneskelege handlingsmønsteret etablerast normer og reglar, nærmast naturkonstantar som kunne målast meir og meir nøyaktig?

Då Rokkan kom tilbake til Oslo sommaren 1947 blei han i miljøet rundt Arne Næss sett på som den beste talsmann for det denne krinsen av unge forskarar ønskte: å vekke interesse for samfunnsvitskapelege studiar. Med overskrifta «Sosiologien – en vitenskap vi trenger» forklarte Rokkan i ein dobbelkronikk i Arbeiderbladet (30.6. og 2.7.47) kva mål denne vitskapen sette seg, kva emne den ville ta opp, kva metodar den ville bruke, og kanskje viktigast: Kva for resultat ville den kunne nå? Han skreiv:

Vitenskapen [sosiologien] skal sette oss i stand til å se lenger og skarpere inn i framtida – ikke som profeter, spåmenn eller orakler, men ut fra det eneste grunnlaget som gjennom tidene har vist seg å holde: den grundige utrettelige utforskningen av de lovmessige sammenhengene i de ting vi har kunnet iaktta, i de hendingene vi har kunnet være vitne til.

Rokkan var opplagt langt komen i det han seinare omtalte som eit brot i forskarkarrieren: frå ei klassisk lærdomsorientering til veksande interesse for sosiale og politiske prosessar, frå idéhistorie og politisk filosofi til analyse av moderne demokrati.

Han tok magistergraden med arbeidet sitt om David Hume, og same dag som munnleg eksamen var unnagjort, 28. mai 1948, reiste han med Arne

Næss til Paris. Der hadde Næss tatt på seg å leie eit stort Unesco-prosjekt og han valte Rokkan som medarbeidar, også fordi Rokkan beherska fransk, engelsk og tysk munnleg og skriftleg og i tillegg las spansk og italiensk og litt russisk.

Formålet med arbeidet i Paris var å klargjere rådande meiningsforskjellar mellom aust og vest i den kaldkrigsfronten som var i ferd med å bygge seg opp. Sentralt i arbeidet stod omgrepet *demokrati* som ideal og realitet. Eit spørjeskjema blei laga og sendt ut, og materialet som kom tilbake frå over 100 filosofar, samfunnsvitarar og andre lærde i form av korte svar så vel som lange utgreingar, skulle systematiserast og følgjast opp med kommentarar ved at utvalte svar blei sendt til personar som innbyrdes hadde gitt uttrykk for motsette syn på kva demokrati innebar.

Etter kort tid overlot Næss meir eller mindre det heile til Rokkan. Næss fall av lasset, som han sjølv uttrykte det. Men Rokkan hadde oversikt over kven som hadde svart på kva og kven som skulle utfordrast til meir utfyllande kommentarar.

Rokkans innsats blei også lagt merke til av leiinga i Unesco, og Rokkan takka ja til eit tilbod om å arbeide vidare med sikte på ei bok om dette demokratiprojektet. Dette innebar eit års opphald i USA og møte med dei leiande amerikanske forskarane, eit samarbeid som resulterte i boka *Democracy in a World of Tensions*, berre omtalt som Unescos *demokratibind* (1951).

I og med dette demokratiprojektet var Rokkan til fulle blitt klar over sine spesielle evner både i faglege og administrative samanhengar. Denne allsidigheten opplevde han både som dilemma og inspirasjonskjelde. Han valte å legge vekt på det siste, tilsynelatande utrøyttelig livet ut.

I det vitskapelege arbeidet sitt analyserer Rokkan historiske forløp, men erfaringar og vurderingar frå sitt daglige liv var han i liten grad opptatt av å fortelje om. I detalj studerte han politisk mobilisering og val, men signaliserte aldri kvar han sjølv stod, og han stemte aldri ved noko val, heller ikkje då det sto om europeisk integrasjon og EU-medlemsskap i 1972. Det var politikk sett frå teoretiske synsvinklar som interesserte han.

I forskinga fordjupa han seg i avgjerande hendingar og samanhengar, men det finst få teikn på at han retta eit liknande blick mot eige liv. Det einaste unntaket er det som hende han på tampen av opphaldet i Paris våren 1949. På ei togreise til Roma for å snakke om Unescos demokratiprojekt, møtte han ei britisk kvinne, Elizabeth Harris, og blei hovudstups forelska. Rokkan gjorde eit nummer av at det skjedde 9. april. Men etter nokre få dagars samvær måtte ho tilbake til sitt arbeid som pressearkivar i London, og han til New York med Unesco-materialet. I det følgjande året skreiv han

over 90 lange insisterande brev til henne. Ho på si side svarte litt meir tilbakemeldande.

I desse breva gir Rokkan eit skarpt bilde av kva han venta seg av framtida og av eit samliv. Brev vitnar om ein sterk lidenskap som kanskje også var det som blei retta utover og ga energi og dedikasjon til faget han valte. Det behovet for familieliv som han gir uttrykk for i kjærleiksbrev, er det ikkje lett å sjå at han levde opp til slik livet hans etter kvart arta seg. Reisene, møta, kongressane, foredraga, artiklane og gjesteførelsingane synest å ha tatt all tid.

Berre nokre månader etter Rokkan (29) var tilbake frå USA gifte han seg med Elizabeth (25) i London, og etter eit år ved London School of Economics kom ekteparet Rokkan til Oslo sommaren 1951. Han hadde fått stilling som universitetsstipendiat med plikt til å undervise politisk filosofihistorie, men viktigare enn forholdet til universitetet var engasjementet ved Institutt for samfunnsforskning, ISF, ein nyskaping i det norske forskarmiljøet. Elizabeth fekk periodevis arbeid ved den britiske og den amerikanske ambassaden, etter kvart også kontorarbeid ved ISF.

I nærmare seks år var Rokkan ein krumtapp i arbeidet ved ISF. Han tok del i alle fasar av arbeidet, han presenterte instituttet ved internasjonale møte, og var sentral i særleg to store prosjekt. Det eine var ei brei undersøking og samanlikning av folkeskulelæraren si rolle som oppdragar og samfunnsbygger i sju vesteuropeiske land. I dette 7-nasjonersprosjektet, sjenerøst støtta av Ford Foundation, blei det lagt eit komparativt perspektiv på forskinga og det ga praktiske erfaringar med internasjonalt samarbeid. Rokkan skreiv sju-åtte artiklar, ofte saman med andre, og heldt ei rekke foredrag basert på dette materialet.

Det andre store prosjektet han no sette i gang var eit omfattande valforskningsprosjekt samband med stortingsvalet i 1957. Her var Henry Valen næraste samarbeidspartnar, og dei skreiv mange artiklar saman. Men den store boka dei planla, *Valg i Norge*, kom aldri. Rokkan vedgjekk seinare at prosjektet var overambisiøst. Det var altfor mykje dei ville ha undersøkt og få svar på.

I 1956 var Rokkan ein sterk kandidat til den første faste stillinga i statsvitskap ved universitetet i Oslo, eit dosentur som etter ei viss tautrekking gjekk til Thomas Wyller. Eit halvt år seinare blei Rokkan kalla (*headhunta*) til ei stilling som forskingsleiar med lønn som professor ved Chr. Michelsens Institutt, CMI, i Bergen. Her fekk han på alle måtar romslige arbeidsforhold. Allereie første året fekk han permisjon for å vere eit år i USA, både for å etablere kontaktar med dei store amerikanske Foundations, Ford

og Rockefeller, og for å hente inspirasjon til ny forskingsaktivitet ved CMI.

Rokkan var 37 år då han kom til Bergen. Og dei neste 21 åra, det vil seie livet ut, blei Bergen basen hans. Her bygde han seg hus, her adopterte ekteparet Rokkan to barn, Siri og Bendik, og her blei ektefelle Elizabeth fast knytt til Engelsk institutt, UiB.

Med Bergen som base levde Rokkan sitt liv som forskar, organisator og lærar, først åtte år ved CMI, deretter som professor ved UiB, avbrote av stadige reiser og diverse opphald som gjesteprofessor på begge sider av Atlanteren. Den travle kvardagen i heimen gjekk i hop takka vere hushjelper og stadig skiftande au pairs.

Gjennom åra publiserte Rokkan ei rekke artiklar og han redigerte mange bøker, i alt saman med over 30 ulike forfattarar. Verkslista hans omfattar vel 200 nummer.

Som valforskar var Rokkan stadig på jakt etter data som kunne forklare kvifor folk stemmer som dei gjer. Han var ein ivrig talsmann for komparativ forskning, og primus motor for etablering og utbygging av dataarkiv for samfunnsvitskapelege studiar.

I den innstillinga som i 1963 blei lagt fram om utbygging av samfunnsvitskapelege fag og undervisning i Bergen, var Rokkan ein viktig bidragsytar. Og han var sjølvskreven til å få det første professoratet som blei utlyst i sosiologi «med særleg plikt til å forelese politisk sosiologi». Haustsemesteret 1967 begynte han å undervise, 13 studentar hadde meldt seg.

I USA kom det samtidig (1967) ut ei bok Rokkan hadde laga saman med den amerikanske sosiologen Seymour Martin Lipset, *Party Systems and voter Alignment*, ei bok som er blitt ståande som eit av 1960-åras mest fruktbare bidrag til politisk sosiologi.

Kort tid etter fekk så Rokkan desse ærefulle tilboda frå Harvard, Yale og Stanford. I USA ville han fått ein gasje tre gonger høgare, og han ville der kunne arbeid i eit miljø han godt kjente og med forskarar han alt hadde eit inspirerende fagleg fellesskap med.

Rokkan grunn gav sitt nei med at han i Norge hadde sett i gang prosjekt han ikkje ville andre skulle overta, men takka ja til eit gjesteprofessorat kvart tredje år ved Yale University. Og der var han det akademiske året 1969–70. Med seg frå Bergen hadde han Elizabeth og dei to barna, ei mengde hullkort med data om norske val frå 1868 til 1961, og han hadde også skaffa plass til sin «top man in computer work», studenten Frank Aarebrot, som skulle assistere i arbeidet med å kjøre det norske valmaterialet gjennom Yale-universitetets store datamaskiner.

Dette var tida for studentopprør og radikalisering på begge sider av Atlanteren. I Bergen blei Rokkan kritisert for å vere dominert av amerikansk samfunnsforskning så vel som å vere ein positivistisk teknokrat. Men han syntest ikkje å ta seg særleg nær av kritikken og ga uttrykk for at det avgjerande for han var at det blei slått ring om universiteta som «arnesteder for pluralistisk, konfliktakseptierende forskning og for uhemmet spredning av mote-kspertise».

Åra 1970–73 kan seiast å vere høgdepunkt i Rokkans posisjon som administrativ leiar og forskar. Han var president i IPSA, International Political Science Association, og han organiserte verdskongressen (Montreal 1973) der over 1500 statsvitarar var samla, og i sentrum for den faglege diskusjonen stod Rokkans opplegg til tema: *Politikk mellom økonomi og kultur* – eit tema og ein dialektikk han meinte var utfordrande og sentral i studiar av nasjonsbyggingsprosessar og massepolitikk.

Rokkan tok initiativ til eit breitt samarbeid mellom statsvitskapelege institusjonar, ein ny organisasjon blei etablert: The European Consortium for Political Research, ECPR, og med støtte frå Ford Foundation og Stiftung Wolkswagenwerk blei dette frå første stund ein suksess med fruktbare samlingar og workshops (i dag med nesten 400 medlemsinstitusjonar).

I 1970 ga Rokkan ut ei samling med 14 av sine viktigaste artiklar, *Citizens, elections, parties*. I denne rekkefølga – borgarane, vala og partia – var dette tema han på brei basis hadde arbeidd med.

Rokkan var som nemnt blant dei første som forstod kor viktig dataarkiv ville bli for den empiriske samfunnsforskninga. Med entusiasme hadde han snakka om dette allereie ved den statsvitskapelige verdskongressen i Stockholm i 1955. Han arrangerte ein internasjonal konferanse om dataarkiv, og på hans initiativ sette Noregs allmennvitenskapelige forskningsråd, NAVF, i 1967 ned ein datakomité som skulle sikre databruk ved ulike universitetsmaskiner og etablere ein standard for utveksling av data mellom dei ulike anlegga. I 1971 blei denne komiteens arbeidsområde utvida og tok namnet Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste (NSD, i dag Norsk senter for forskningsdata AS). Hausten 1973 tok Rokkan grep om NSD og fekk hovudsekretariatet flytta til Bergen. Seinare gav han uttrykk for at NSD kanskje var hans viktigaste bidrag til norsk samfunnsforskning.

Om Rokkans internasjonale posisjon vitnar eit omfattande arbeid han hausten 1972 fekk avslutta, fem år på overtid og utan å legge fram noko fullverdige resultat. Saman med ei rekke forskarar hadde Rokkan starta eit prosjekt kalla *The Politics of the Smaller European Democracies*. Med støtte frå Ford Foundation var planen at det skulle munne ut i ei bok om kvart av

dei elleve demokratia som var valt ut, og det var dei fem nordiske landa, Be-Ne-Lux-landa, Østerrike, Sveits og Irland. I tillegg skulle det lagast ei bok med overordna konklusjonar og modellar.

Under prosjektets gang hadde Rokkan fleire gonger rapportert til Ford Foundation om at arbeidet gjekk tregt og det var vanskeleg å få inn resultat frå deltakarane. Og då han endeleg fem år på overtid måtte konstatere at det ikkje blei meir enn ei bok om Irland, hadde han venta seg kritikk frå Ford Foundation. I staden blei han rost for å ha forsøkt seg på eit så vanskeleg prosjekt, og dersom han med det første var i New York, ville Ford Foundation gjerne høyre kva Rokkan generelt meinte om å finansiere slike store komparative studiar.

Men for Rokkan sjølv hadde også dette prosjektet gitt rikt utbytte. I rekka av små europeiske demokrati skulle han sjølvsgatt ta for seg Norge, og som eit tidleg bidrag skreiv han artikkelen «Numerisk demokrati og korporativ pluralisme. To beslutningskanaler i norsk politikk». Det var i denne artikkelen om krefter og motkrefter i norsk politikk og historie at han kom med onelinaren «stemmer teller, ressurser avgjør», og omgrepa *motkulturar, sentrum-periferi spenningar og politiske skillelinjer*.

Rokkan hadde ikkje noko sterk helse. Sommaren 1974 fekk han sitt første hjarteinfarkt, og det skjedde på den mest dramatiske måte: på flyet heim til Bergen etter ein konferanse der Rokkans framstilling av norsk historie var blitt kraftig kritisert av historikar Jens Arup Seip. Møtet gjekk av stabelen på Røros og temaet var dei ulike metodane samfunnsforskarar og historikarar gjorde seg nytte av i arbeidet. Statsvitaren Rokkan blei sett opp mot historikaren Seip, og i denne konfrontasjonen kom Seip med innvendingar så drepende at det i visse akademikarkrinsar i ettertid heitte seg at Seip så å seie tok livet av Rokkan. At Rokkan etter hjarteinfarkt aldri heilt kom til hektene igjen, nørte sjølvsgatt opp under slike talemåtar.

Seips kritikk gjekk ut på at Rokkans omgrep var for upresise og utvikla for å passe inn i enkle modellar der det empiriske grunnlaget var mangelfullt. For historikaren var sentrum-periferi modellen lite eigna som analysereis-skap, og tankefigurane den skapte førte lett forskaren på vidvanke. Men Rokkans modellar var tiltalende og samsvarde med det Seip kalla «vår estetiske og logiske sans», og han spurte retorisk: «Hva er vakrere enn en sirkel, hva er mer tiltrekkende enn et sentrum?» For å få fram slike lettfattelege oversikter var Rokkan underlagt det Seip kalla «modellenes tyranni».

Rokkan som alltid såg på modellane sine som hjelpemiddel, hypoteseprøving i stadig søk etter å utvikle dei i betre kontakt med data, vrei på Seips uttrykk og svarte at det kanskje likevel var betre å underkaste seg «model-

lenes ytterst temporære tyranni» i kampen mot noko langt farlegare: det permanente «detaljenes tyranni». (Og vennskapen mellom Rokkan og Seip fortsette også etter dette.)

Etter hjarteinfarkt og eit halvår med flyforbod prøvde Rokkan lenge å halde same drepende arbeidstempo med reiser, konferansar, workshops, rapportar og manuskript. Tre år etter det første fekk han eit nytt hjarteinfarkt og blei liggande åtte veker på sjukehus i Mannheim. Han blei med sitt eige uttrykk, *styggredd* for ikkje å få tid til å gjere ferdig det han hadde i tankane.

Han avvikla det meste av sine tillitsverv og planla å trappe ned til ein professor II stilling for å gå inn i ein rein forskarstilling ved CMI. Med eigne ord hadde han altfor lenge for lett latt seg *friste av kortsiktige oppgaver og organisatorisk aksjon*.

No ønskte han utelukkande å konsentrere seg om forskning, og dra i land eit prosjekt han hadde kalla *Economy, Territory and Identity*, berre omtala som ETI-prosjektet. Ut frå stikkorda økonomi, territorium og identitet var formålet å kaste lys over den politiske utviklinga i Europa. Sentrum-periferi-spenningar, utkantforsvar og grenseproblematikk stod sentralt i arbeidet. På norsk blei prosjektet kalla *Territoriale strukturer, regionalpolitikk og periferirespons i Vest-Europa*.

Rokkan hadde fått 14 forskarar frå ulike europeiske land med seg i arbeidet, og det heile finansierte av Stiftung Volkswagenwerk og NAVF. Oppgåva for kvar og ein i gruppa var å studere forholdet mellom sentrum og periferi i sine respektive land, og den politikk som var blitt ført i desse relasjonane. Gjennom dette kollektive arbeidet skulle alle slags forhold mellom sentrale og perifere regionar i Europa kartleggast. Slik skulle styrken i perifere protestrørsler, dei såkalla motkulturane, forklarast. Resultata frå dette ETI-prosjektet var viktige for at Rokkan i neste omgang skulle kunne fullføre det han kalla eit *begrepskart* over Europa, *A Conceptual Map of Western Europe*, eit kart som skulle kartlegge sosiale prosessar og politiske virkemiddel gjennom fleire hundreår.

Prosjektgruppa møttes til samlingar i ulike europeiske byar, men Rokkan kunne i mindre og mindre grad fysisk vere til stades. Helsetilstanden blei stadig dårlegare, også nyrene begynte å svikte. Men sjølv om han ikkje kunne delta i diskusjonane, kommenterte han ivrig per brev dei ulike delrapportane som blei lagt fram, og han minna forskarane om at det mest utfordrande i prosjektet var å få fram i dagen vilkåra for at periferiane med sine særtrekk skulle kunne bestå. I denne korrespondansen med sine utvalte forskarar formulerte Rokkan, kanskje klårare enn nokon gong, haldningar til eigen ståstad og eige verdigrunnlag. Han skreiv (7.2.79, SR-arkivet F12.Ea:2):

Jeg er en polyglott og en pluralist. Jeg ønsker å beskytte utkantspråkene, men ønsker ikke å begrense folk til ett språk. Jeg er imot kulturelt livegenskap. Jeg anser det som en grunnleggende menneskelig rettighet å bli gitt mulighet til å tilegne seg andre språk enn det lokale. Dette vil gi borgeren noen valgmuligheter i planleggingen av sitt liv. Slik sett er jeg like mye imot jakobinsk sentralisering som autarkisk autonomisme . Jeg vet det vil bli innvendt at denne pluralistiske posisjonen vil dempe innsatsen i arbeidet for å støtte periferiens språk. Jeg tror ikke det: Jeg setter mye større pris på en stillingtagen basert på et aktivt valg enn ett som er passivt akseptert.

Han tilføyde at om helsa heldt, ville han straks forsyne forskargruppa med meir tekst, og han forsikra at dialyse to-tre gonger per veke ikkje heilt skulle få ta knekken på arbeidskapasiteten. Men berre nokre månader etter at han skreiv dette, 22. juli 1979, var det slutt. Rokkan døydde på Haukeland sjukehus. Under dialysebehandlinga stansa hjarta, og legane lykkast ikkje i å få det til å slå igjen.

*

Kilder:

Stein Rokkan. Fra periferi til sentrum, 2019.

